



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Halsa kommune.

Storeleva kraftverk. Avgrensa høyring av ny søknad om konsesjon.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Sæther Kraft AS fekk konsesjon 08.02.2008. Konsesjonen er utløpt (5 årsfristen). Det blir derfor søkt på nytt, men med ein del endringar i forhold til tidlegare konsesjonssitte tiltak.

Vurdering

Fylkesmannen viser i utgangspunktet til fråsegn til tidlegare konsesjonssøknad 07.09.2006 (Møre og Romsdal fylke).

Storelva kraftverk er i ny søknad flytta frå kote 16 til kote 47. I vår tidlegare fråsegn peikte vi m.a. på at eit kraftverk på kote 16 vil ligge 150 m nedstraums vandringshinderet for anadrom fisk. Det er derfor positivt at den nye lokaliseringa ligg godt ovanfor anadrom strekning og at kraftverket får eit forbislippingsanlegg med kapasitet på halve slukeevnen.

Etter det vi kan sjå er det ut over dette få endringar i søknaden i forhold til tidlegare gitte konsesjon.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til kommentarane over og har ikkje vesentlege merknader til den nye konsesjonssøknaden.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde